



Hustadvika kommune
Tingplassen 1
6440 Elnesvågen

Dykkar	Dykkar	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Dato:
ref:	dato:	25/26360 - 25/169627	Arild Fuglseth	06.11.2025

Høyring - Organisering og innhald i TT-ordning

Møre og Romsdal fylkeskommune ønskjer med dette å invitere kommunar og relevante organisasjonar til å komme med innspel til vidare utvikling av TT-ordninga (transportteneste for personar med nedsett funksjonsevne).

Bakgrunnen for høyringa er vedtak i fylkestinget (sak PS 44/25), der det blir bedt om ei vurdering av organisering, og endring av reisestøttebeløp i ordninga. Det er utarbeidd eit notat om dette, som følgjer vedlagt.

1. Organisering av TT-ordninga

Fylkeskommunen vurderer tre alternative modellar for godkjenning og klagebehandling:

- Kommunal godkjenning (dagens modell)
- Kombinert godkjenning (kommunal førstegodkjenning, sentral nemnd for komplekse saker)
- Fylkeskommunal godkjenning (alle søknader behandlast av fylkeskommunen)

Vi ber om innspel på kva modell de meiner er mest føremålstenleg, og kva fordelar/ulempar de ser ved dei ulike alternativa.

2. Brukargruppeinndeling

Fylkestinget har vedtatt å fjerne skiljet mellom M1 og M2 (basert på avstand til kommunesenter). Det er foreslått å ha to grupper:

- M1: Fylkeskommunal TT-ordning
- M5: Statleg TT-ordning (blinde, svaksynte, rullestolbrukarar)

3. Reisestøttebeløp

Fylkestinget har bedt om at satsane i TT-ordninga blir auka. Det er foreslått å gi alle brukarar i den fylkeskommunale ordninga lik sats, uavhengig av bustad i høve til kommunesenteret.

Vi ber om innspel på:

- Kva sats de meiner bør gjelde (t.d. 2 000 / 2 750 / 3 500 kr)
- Kva brukartal de meiner er realistisk for ordninga (t.d. 3 000 eller 4 000 brukarar)

Svarfrist og innsending

Vi ber om at høyringssvar blir sendt til Møre og Romsdal fylkeskommune innan 26. Januar 2026.

Vi ber om at kvar kommune sender eitt svar samla frå aktuelle råd, utval og kommunestyre.

Svar kan sendast til: post@mrfylke.no

Merk svaret med: Høyring TT-ordninga

Vi takkar for dykkar medverknad og ser fram til konstruktive innspel som kan bidra til ei rettferdig og føremålstenleg TT-ordning for innbyggjarane i fylket.

Med helsing

Stig Helle-Tautra
avdelingsleiar FRAM

Harald Harstad
seksjonsleiar FRAM Drift

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:

Eldrerådet

Rådet for personar med

nedsett funksjonsevne

Ungdommens fylkesråd

Vedlegg:

notat til høringsbrev

Mottakere:

Aukra kommune

Aure kommune

Averøy kommune

Fjord kommune

Mottakere:

Funksjonshemmedes
Fellesorganisasjon Møre
Og Romsdal
Giske kommune
Gjemnes kommune
Haram kommune
Hareid kommune
Herøy kommune
Kristiansund kommune
Molde kommune
Nasjonalforeningen For
Folkehelsen Møre Og
Romsdal Fylkeslag
Norges Blindforbund
Møre Og Romsdal
Norges Taxiforbund Avd
Møre Og Romsdal
Pensjonistforbundet Møre
Og Romsdal
Rauma kommune
Samarbeidsforumet Av
Funksjonshemmede
Organisasjoner Safo Nord
Vest
Sande kommune
Smøla kommune
Stranda kommune
Sula kommune
Sunndal kommune
Surnadal kommune
Sykkylven kommune
Tingvoll kommune
Ulstein kommune
Vanylven kommune
Vestnes kommune
Volda kommune
Ørsta kommune
Ålesund kommune